Til
Balestrand kommune
Rådhuset
6899 Balestrand

Frå
Bensen Bar DA
Balalii 6
6899 Balestrand

Vedr. framtida for Bensen-bygget

I gjeldande leigekontrakt for bygget til Bensen Bar er det definert leigeperiode fram til 1. oktober 2009. Bensen Bar DA ynskjer å forlenge denne leigekontrakten, og håpar kommunen også ser verdien av å ha Bensen Bar i bygda: Både som tilbod til bygdefolket, og brubyggar til balestrands-ungdom som er under utdanning og liknande. Signala vi har fåttt gjennom ordlyden i kontrakten og i meir uformelle fora, indikerer at vi ikkje kan rekne med å få nytte bygget lenger enn det som er oppgitt i kontrakten. Difor vil vi inntil ei evt. motsett avgjerd er fatta, legge ei slik avgjerd til grunn for den vidare drifta.

Pr. i dag er det ein del utbetringar og utviklingsarbeid vi difor vel å legge på vent. Tiltaka vert ikkje nødvendigvis skrinlagt, men gjort på ein annan måte hvis ein ikkje får forlenga avtale. I generelle trekk er dette tiltak for å skjerme støy til naboar, utvikling av uteområde og utvikling og utviding av tilbodet inne.

Vi ber om at kommunen så tidleg som mogleg - ila. mars månad – tek ei avgjerd i korvidt vi får forlenga leigeperiode. Vi håpar på eit positivt svar, og framleis full tank på Bensen Bar.

Theodor Kvikne (sign) Lars Jonas Pedersen (sign) Kjell Rune Sværen(sign)